

Proppen i Øyeren

Informasjons- og mediedekning ved flaum

Av Andreas Hompland

Andreas Hompland er sosiolog og frilansjournalist

Innlegg på Norsk Vannforenings seminar 12. september 1995

Eg har to sterke bilde frå mediesida av vesleofsen i 1995. Det første er Debatt 21 med Erling Diesen, Hans Wilhelm Steinfeldt og Proppen i Øyeren. Det andre er frå Tretten der Moksa gjorde sine herjingar. Desse to bilda seier mye om kva media er ute etter i slike situasjonar. Underholdning er viktigare enn anvendelig informasjon.

Horrortainment og human touch

Tretten-bilda er eit høgdepunkt i den journalistiske nyhets- og ulykkes-sjangeren der dramatiske bilde av ødelegalsar er det sentrale - saman med kjensleladde intervju med dei som blir ramma.

Sjangeren har to sider: Den eine sida er sjølv natur-dramatikken - det uforutsigelige og trugande - ei virkelighet som er så virkelig at vi elles bare møter den i dramatisert form på film som imitert realitet. Det er ikkje for ingenting at dei innslaga som oftast går nati-on-wide på alle TV-kanalar i USA, er frå syklonar som sveiper inn frå Mexi-

co-golfen, og skogbrannar. Begge delar er godt fjernsyn. Skogbrannar gjer seg godt på TV, og så varer dei såpass lenge at ein kan få kamerautstyret og linken på plass. Ein kan til og med selja tid til relevant reklame. Slikt skal det eit ofselig masse-mord eller ein basket-finale til for å vega opp.

Den andre sida av sjangeren er human touch - den kjenslemessige sida av saka: Redde enkelt-menneske i frykt og sorg. Der er TV-mediet uovertruffent fordi det går så nært innpå ofra med kamera at det skaper ein illusjon av deltakelse og nærhet.

Ei tredje side av katastrofesjangeren er rein underholdning - det ein kunne kalla horrortainment. Både media og publikum strøymde til og brukte vesleofsen som forlystelse.

Finn den ansvarlige

Proppen i Øyeren illustrerer ei anna side ved mediens måte å nærma seg hendingar på: Det gjeld å finna fram til den eine, avgjerande faktor som oppmerksomheta kan konsentrerast om: Der, akkurat der, og bare der, ligg den avgjerande faktoren som bestemmer liv og død, redning eller katastrofe.

Når media trur dei har funne fram til den eine faktoren, den eine avgjørelsen, er det også fritt fram for avsvartilskrivning: Det finnest EI løysing og EITT ansvar, og det må finnast EIN som har det i si makt.

Kompliserte sett av årsaksfaktorar er like lite medievennlig som samansette ansvarsforhold. Media skyr denslags. Dei vil ha klare svar på samansette problem. Det heiter å skjera gjennom, og er ein journalistisk besettelse. Alt anna blir oppfatta som utflukter og ansvarsfraskrivelse, og det er det eit journalistisk kall å avsløra. Ein får prisar for slikt.

Med mange av hovudaktørane i studio i NRKs Debatt 21 la Hans Wilhelm Steinfeldt opp til eit dramatisk klimaks om proppen i Øyeren ved Solbergfossen. Forsøket braut saman då Erling Diesen i NVE følgte sitt eige manus.

Dramatisk føljetong

Så lenge årets storflaum var ein nyhet med overraskande og dramatiske muligheter til billedlegging, var det katastrofesjangeren som dominerte. Det kunne formidlast dramatisk, og det kunne byggast opp til meir dramatisk. Frå sending til sending, og frå avisdag til avisdag, kunne det skapast ein føljetong som bandt lesarar, lyttarar og sjåarar til neste epsisode.

Ofse-reportasjane var idealet. Brua i Elverum var strålende så lenge ho sto og dirra. Robåtar mellom flytande hus i Solør var heller ikkje å forakta. Soldatar og sandsekkar på Hamar og i Lillstrøm ga god og gysande krigsstemming, men Tretten var best. Gudbrands-

dalen med sine bratte fjellsider er meir medievennlig ved flaum enn det flate Romerike.

Det gjekk ikkje så mange dagar før storflaumen lova meir enn han heldt. Han begynte å oppføra seg lite medievennlig. Vann som stig pent og pyntelig med noen centimeter i døgnet bak flaumvollar i åpne og flate landskap som ligg bada i sol, er dårlig TV. Vannmassar lagar mest action når dei renn fort. Media gjekk lei før flaumen nådde Østfold, og det gjorde også vi som såg og las. Det er lite dramatisk i venting.

Mediedramaturgien

Då flaumen ikkje lenger oppfylte krava til stadig nye og meir spektakulære hendingar, måtte media satsa på å utvikla sin eigen dramaturgi. Media må ha opptrapping eller nye vinklar og grep, elles dør y saka.

For NVE og vassdragsregulantane og folk i flaumområda var det viktig å ha god tid til å førebu seg. Men for media var det øydeleggande: Interesse for ein lenge varsla flaum kan vera over når flaumen kjem. Nyttig informasjon for flaumramma kan ikkje vega opp tapt dramatisk.

Det skal ei følsom redaktør-hand til for å laga god medie-dramaturgi. Det er lett å drepa ein storflaum med gode forhåndsmotalar. Men det er like farlig å la konkurrentane bruka opp vinklar og personar først. Det gjeld å smi mens liket er varmt, som Øystein Sunde syng.

Då naturen ikkje makta oppgava, måtte media gjera jobben sjøl med å regissera føljetong, konflikt, komplott og melodrama med personifiserte skur-

kar, heltar og offer. Mediedramaturgiens grunnlement er personifisering, dramatisering, tilspissing og konfrontasjon.

Regi og location

TV2 frakta ordføraren frå Lillestrøm til Hamar slik at han kunne møte Hamar-ordføraren til duell a la Western i Strandgata: Ein av dei måtte drukna, med NVE i dobbeltrollen som skurk og dommar. I birollen som det inkarnerte flaum-offer, den reine Job, møtte vi til stadighet pensjonist Olaf Petterson på Øya i Fet.

Location-utgava var Pål T. Jørgensen i TV2-nyhetene med sluseporten ved Svanfoss i bakgrunnen: Åpna eller ikkje åpna; det var spørsmålet, og hva fanden nølte dei etter i NVE? Når TV-2 hadde plassert kamera der, burde NVE ha skjønt at det var der og då dei skulle handla - i beste sendetid.

Det er som på CNN der reportaren står på hotelltaket i Sarajevo med søkelys og granatglimt i bakgrunnen. Sjølve bilda er bodskapen, og dramatikken er fiktiv. Den underliggande spenninga er at det kan smella svært nær hotellet, eller at dammen bryt saman bak ryggen på Pål T. Jørgensen. Begge delar ville vera strålende TV.

Studio som folkedomstol

Bildemedia - hvori opptatt tabloide aviser - er betre på dramatiske hendingar, konfrontasjonar, klager over urettferdighet og melodramatisk sorgarbeid enn til å formidla glede.

Sjòlsagt måtte det vera større glede i Lillestrøm over dei 99 husa som blei berga enn over det eine som gjekk fortapt. Men lettelse er ikkje lett å formid-

la. Den som blei redda frå flaumen, blei heller oppfordra til å klaga over at NVE var for negativ i sine prognosar, eller kommunen for absolutt i kravet om evakuering. For når den visuelle dramatikken har lagt seg, er og blir mediespørsmålet: Kven har ansvaret? Kva har myndighetene gjort galt? Og kven skal hengast gjennom lynsjustis?

Det er liten vits i å leggja ansvaret for ulykkene og æra for at det gjekk rimelig godt likevel, på Vårherre. Han nektar så likevel å stilla opp i studio for å stå til rette. Erling Diesen og Jens Stoltenberg er dårlige erstattarar, men i nøden må media hjelpa seg med dei. Dei har den absolutte fordel framfor Vårherre at dei kan visast fram in persona og avkrevast svar.

Aktuaranes inntogsmarsj

I noen dagar prøvde media å redda flaum- og krigsdramatikken med meteorologiske utsikter til nye regnskyl eller politiadvvarslar om kriminelle tilstander i dei evakuerte områda på Lillestrøm. Det skulle ikkje meir enn eit par brekk til før det var ein "innbruddsbølge". Då var tjuvane ikkje bare vanlige tjuvar som gjorde sin ordinære jobben; dei var svikarar og krigsforbrytarar.

Då flaumen hadde herja frå seg, starta oppryddinga og den traurige gangen gjennom institusjonene og forsikringselskapa. Det er tungt og einsamt for mange, men aktuaranes inntogsmarsj er lite medievennlig, og tusen ødelagte parkettgolv og titusen mål korn som forsvann er ingen nyhet. Blei det ikkje forresten kronår både her og der like i nabolaget?

Krisehandtering og informasjon

Det finnest ei offentlig utredning om krisehandtering som Gudmund Hernes sette sitt namn på etter Tsjernoby1. Det var ein grundig gjennomgang av den institusjonelle sida, og av mediasida av saka. Den første biten har sikkert fortsett sin relevans, men den andre biten er ikkje lenger gyldig. Det har meir å gjera med endringar i mediebildet enn med behovet for rettleiing og informasjon. Dei to tinga går ikkje saman: Jo fleire kanalar det er, jo vanskeligare kan det bli å nå fram.

Informasjonsbehovet og mediedekkinga av vesle-ofsen har to heilt ulike sider fordi det er tale om to heilt ulike publikum:

Vi som var tilskuarar og kikkarar og ordinære mediekonsumentar. For oss var det eit spørsmål om reportasjane var spennande og gysande gode. Vi fekk vårt, men kunne ha ønska oss endå meir, og mediene prøvde i det lengste å gje oss det vi ville ha.

Egentlig var vi litt skuffa over denne flaumen. Bilda var ikkje eingong dramatiske nok til å bli varig salsvare til utanlandske TV-stasjonar. Vår tid sigrar på alle frontar. Då burde vi også tatt rekorden frå storofsen i revolusjonsåret 1789. For mange blei justisminister Grete Færemos hodebekledning det mest minneverdige bildet frå vesle-ofsen.

Det andre publikummet var dei som trong informasjon om kordan dei skulle té seg fordi dei var midt oppe i det. For dei var pålitelig informasjon og flaumens gang avgjerande for liv, helse og eigedom.

Begge delar - anvendelig informasjon og horrortainment - lar seg ikkje oppfylla av same media på ein gong og med same midlar.

Medieminnet er kort

Erling Diesen sa følgande til bladet Energi etter flaumen: "At folk informeres om flaumsituasjonen via tekst-TV, er kanskje ikke kraftig nok. Vi må finne andre måter i tillegg." Det må kallast eit understatement.

Det er åpenbart at alle involverte har bruk for å gå gjennom alle sider av kordan flauinformasjonen fungerte - både før, under og etter.

Det finnest også mange sider ved NVE og vassdragsregulantane sin måte å arbeida på som kunne trenga offentlig flomlys etter årets erfaringar. Likeså landbruksmyndighetenes og vegvesenets forholdet til natur og teknologi. Men det er ikkje denslags omfattande og mangesidige kritiske vurderingar massemediene eignar seg til. Dei må foregå i andre faglige og politiske kanalar.

Medias hukommelse er relativt kort. Neste år treng verken NVE eller andre bekymra seg. Då kjem det til å vera stor etterspørsel. Media kjem til å vera sultne på alle data om snømengder og vannstand og damfylling.

Men etter eit år utan flaum glir denslags inn att i gløymsele. Det blir ikkje ein medievane å bringa slik informasjon. Det kan sikkert bli skissert rutiner og lagt planar, men få kjem til å minnast kor planane blei lagt.

Kanalkonkurransen

Ein gjennomgang av informasjonssida er ikkje minst viktig i lys av den nye mediesituasjonen der vi får stadig fleire radio- og fjernsynskanalar som konkurrerer om publikums gunst - ikkje ved å kappfly etter det viktige, men etter det som tiltrekker seg flest sjåarar og lyttarar med dette formålet: Skaffa seg rating som gir reklameinntekter.

Avisbildet er mye av det same: Dei leiande laussalsavisene oppfattar seg fri frå den allmenne informasjonsplikta. Dei plukkar det dramatiske og unike.

Den dramatiske underholdningsbiten blir utbrodert av dei hendelsesorienterte avisene og etermediene sjøl - omtrent uansett kva som går ut frå ansvarlige organ og etatar.

Medias dagsorden

Dei ansvarlige for at informasjonen i samband med flaumen nådde ut til folk som trong råd og informasjon, sto i den paradoksale situasjonen at til meir mediestoff det blei, til meir auka forvirringa og usikkerheten. Det var virkelig behov for pålitelig public service, mens mediekanalane fjernar seg frå slike forpliktelsar.

Uansett kordan og kor ofte og i kva form og språkbunad NVE og andre sender ut sine budskap, så kan dei lite gjera med medias bruk og tolkingar. Dei følgjer sine egne prioriteringar, tolkingar og dagsordenar, og dei er som ein flaum når det først losnar: Då skrur ulike media kvarandre opp. Etterpå blir det tørke til neste gong medieflaumen går.

Dette kan ei gjerne moralisera over

og tru at det går an å snu før neste flaum, men då blir ein bare tatt av flaumen.

Lokale kanalar

NRK har - eller har hatt - forpliktelsar til å driva public service. Etterundersøkelser viser at publikum var svært godt fornøyd med dekninga av flaumen i NRK TV og radio. Det galdt særlig distrikssendingane. I Hedmark var talet på fornøyde 91 prosent. Distriktskontora i flaumområda kasta om på alle sendeskjema og fungerte som informasjons- og formidlingskanalar. Dei hadde kapasitet og kontakter som dei spreidde nærradionane ikkje kunne hamla opp med. Den radiostasjonen som aukar mest - P4 - var det ingen i flaumoråda som nemnde. Riksavisene kom ut omtrent like dårlig, mens lokalavisene fungerte på ein annan måte.

Vinklinga av flaumstoffet i ulike medier var påverka av kor langt unna virkeligheta redaksjonane og deira publikum befann seg. Dei store avisene og dei riksdekkande etermedia, som ikkje sto i fare for å bli våte på beina, hadde kikkar- og skræmerollen: Det skulle stå ein gufs av uhygge frå reportasjane. "120.000 mennesker skiter rett i Mjøsa", skreiv Dagbladet og avbilda fylkeslegen i Oppland saman med "en advarsel til folk mot å komme i kontakt med vann fra Mjøsa." Mens Oppland Arbeiderblad på Gjøvik same dag melder at "det er trygt å drikke vann fra Mjøsa."

Steinar for brød

Statsministeren skreiv i ein kronikk i Aftenposten etter vesleofsen at det var

ein styrke for arbeidet mot flaumen at "mediekonkurransen ble til samarbeid, der NRK lånte nærradioenes medarbeidere og nærradionene sendte NRKs distiktsprogram."

Det var sikkert det, men det er ingen garanti for at det vil gjenta seg neste gong. Før neste storflaum kan det lokale avisbildet ha endra seg og NRK ha droppa meir av sine public service-forpliktelsar. Dei verkar som ei slags tvangstrøye når lyttarane rømer til P-4. Då får alle steinar for brød den dag det er behov for noe anna.

Informasjon gjennom nettverk

Det gjeld å skilja mellom ulike medier og ulike informasjonskanalar til ulike mottakarar og satsa der ein kan nå fram. Eg vil tru at informasjons-beredskapen bør forlita seg stadig mindre på at meir "avanserte" medier vil vera dei rette kanalane til den breie allmennheta. Då tenker eg ikkje bare på alskens radio- og TV-kanalar, men også på telefon-svararar, internet og andre elektroniske remedier der folk må søka seg fram til informasjonen sjøl.

Informasjonsberedskapen til det breiaste publikum bør heller gå i "primitiviserande" retning - det vil seia

oppslag, plakatar, løpesetlar, brev, budstikker og direkte kontakt. Det har også å gjera med at tilliten til aviser, radio og TV er synkande.

Det er viktig å ha "to-steps hypotesen" i bakhodet: Informasjon når best fram når den går via nettverk av informerte mottakarar som har trening i å ta mot, tolka og spre informasjon vidare. Mest effektivt er det når dei same har ansvar for å setta forebyggjande tiltak ut i livet.

Eit langtidsvarsel

Eg vil tru at ved neste storflaum - om det går eitt eller hundre år - skal dei som har ansvaret for den offentlige informasjonen ta lett på kva VG, Dagbladet, TV-2 og nye TV-kanalar driv på med - sjøl om det verkar aldri så galt, fordreid og tilspissa. I saker som denne hentar folk underhaldning derifrå - ikkje anvendelig informasjon om kva dei bør gjera og ikkje gjera.

Om eg skulle koma med eit langtidsvarsel - eit slags worst case-scenario, er det dette: Massemedienes tid som informasjonskanalar med public service-forpliktelsar kan vera over før neste storflaum. Det trur eg i alle fall det vil vera sikrast å ta høgde for som ein del av flaumberedskapen.